



Statens vegvesen

Sandra Borge
Skarpenesvegen 5
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/116432-8

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.07.2019

Dispensasjon frå byggegrense mot fv. 245 Ådlandsvegen – Gnr. 28 bnr. 7 i Meland kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs fylkesveg 245 Ådlandsvegen, oversendt frå Meland kommune 5.juni 2019. Søknaden gjeld terrasse til hytte på eigedom gnr. 28 bnr. 7 i Meland kommune.

Planstatus og vegtilhøve

Eigedomen ligg nær kryss mellom fv. 245 Ådlandsvegen og kommunal veg Skarpenesvegen. Krysset er regulert i gjeldande reguleringsplan FV 245 Moldekleiv-Fosse, vedteke 13.05.2009. Eigedom gnr. 28 bnr. 7, der terrassen skal førast opp, er utanfor plangrensa for reguleringsplanen, og difor uregulert (sjå illustrasjon neste side). Tiltaket skal difor handsamast etter veglova § 29, som dispensasjon frå byggjegrense mot henholdsvis kommunal veg og fylkesveg, og ikkje som dispensasjon frå reguleringsplan, jf. brev frå Meland kommune datert 08.07.2019.

I plankartet er det vist stipla liner langs dei offentlege vegane. Desse linene er utanfor plangrensa, og er difor ikkje juridisk bindande. Linene er heller ikkje vist i teiknforklaringa til reguleringsplanen.

Statens vegvesen utarbeidar no ein oppdatert reguleringsplan for fv. 245 Fosse-Moldekleiv. Denne reguleringsplanen vil venteleg ikkje endre planstatus for eigedom gnr. 28 bnr. 7.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 3000
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Flyfoto med utsnitt av gjeldende reguleringsplan for området. Eigedom gnr. 28 bnr. 7 er markert med gul farge.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Eigedomene har nærføring med kommunal veg Skarpeneset, medan fv. 245 ligg lenger unna. I dette området er arealbehov for utviding av fylkesvegen avklart i gjeldende reguleringsplan, og omsøkte terrasse vil ikkje komme i konflikt med vegen.



Utsnitt av skisse i søknad, motteke 05.06.2019

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 245 Ådlandsvegen for å etablere terrasse ved hytte på gnr. 28 bnr. 7 i Meland kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan i søknad motteke 05.06.2019.
2. Avstanden frå terrassen til senterlina på fv. 245 skal vere minst 28 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrse må følgjast.
4. Terrassen må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at tiltaket ligg nær fv. 245 Ådlandsvegen.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Konklusjon

Statens vegvesen innvilgar dispensasjon frå byggjegrense mot fylkesveg 245, i samsvar med søknad. Søker bør ta kontakt med Meland kommune og avklare vidare saksgang.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Tor Høyland
fung. seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG